



Bjørn Ringhus og Tone Kjerste Gøytil  
Flotarvegen 15

3890 Vinje

### Delegert sak nr. 14/18

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
IDALA	2017/264	10929/2018	GBNR	22.05.2018

## 36/15 - Svar på søknad om kjøp av tilleggstomtareal

### Dokument i saka:

Reguleringsplan for del av Drotning og del av Drotning Nedre 36/1 og 36/15

### Bakgrunn:

Eigar av 36/81 i Åmot har søkt om å få kjøpe 500 m<sup>2</sup> tilleggsareal frå 36/15 tilhøyrande Vinje kommune, til sin bustadtomt. Det er ynskjeleg å setje opp garasje/uthus. På 36/81 står det i dag oppført ein bustad og ein garasje.

I gjeldande reguleringsplan for del av Drotning og del av Drotning Nedre er det omsøkte arealet hovudsakleg regulert til offentleg friområde. Jf. føresegnene til gjeldande reguleringsplan for området er det høve til å setje opp ein bustad og ein garasje per bustadtomt.

### Vurdering:

Frådeling som omsøkt vil krevje ein mindre endring av reguleringsplanen. Oppføring av ny garasje i tillegg til den som står der i dag vil krevje dispensasjon frå føresegnene. Tilleggsareal og ekstra garasje/uthus i bustadfelt kan skape uheldig presedens. Ein ynskjer å sjå på slike endringar i bustadfelt i ein større samanheng.

### Einingsleiar sitt vedtak:

I medhald av pbl § 12-4 vert det gjeve avslag på søknad om kjøp av tilleggsareal på 500 m<sup>2</sup>.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i medhald av plan- og bygningslovas § 1 - 9, jfr forvaltningslovas kap. VI. Eventuelle klager må sendast til Vinje kommune innan 3 veker.

Faktura på 2 100,- vert ettersendt.

Med helsing

Gry Åsne Aksvik  
plan- og økonomisjef

Ida Larsen Reinsviki  
arealplanleggar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.